

## **Retningslinjer for økonomisk støtte til Open Access-publisering ved Høgskulen på Vestlandet**

Revisjon godkjent av Gro Anita Fonnes Flaten, prorektor for forsking, mars 2019

### **Formål**

Det er eit mål at vitskapelege publikasjonar frå Høgskulen på Vestlandet skal publiserast Open Access. For å stimulera til dette er det mogleg å søka finansiell støtte til publisering av artiklar og bøker i opne kanalar.

### **Kven kan søka?**

- Søkar må vere tilsett eller student ved HVL og ha ført opp HVL som forfattaradresse i den aktuelle publikasjonen.
- Korresponderande forfattar eller første forfattar har høve til å søka støtte til artiklar og monografiar. For antologiar har redaktør høve til å søka, eller forfattar viss det er snakk om støtte til eit kapittel i antologi.

### **Kva kan det søkast om?**

- Det kan søkast om støtte til forfattarbetaling (Article Processing Charges, APC) til reine Open Access-publikasjonar. Det vil seia tidsskrift, vitskapelege monografiar og vitskapelege artiklar/kapittel i antologiar (ikkje lærebøker) med umiddelbar open tilgang utan restriksjonar som embargo, abonnementordningar eller nokon form for påloggingsmur.
- For innvilga søknad om støtte til artiklar blir det gjeve støtte til heile beløpet.
- For innvilga søknad om støtte til vitskapelege monografiar og vitskapelege artiklar/kapittel i antologiar blir størrelsen på støtta vurdert ut i frå totalkostnaden på utgjevinga, samt kor stor del av publikasjonen som er skrive av tilsette ved HVL. Som ein generell regel gjev HVL berre støtta til dei delane som er skriva av eigne tilsette.
- Det blir ikkje gjeve støtte til artiklar som har budsjettert med og fått støtte til OApublisering gjennom ekstern finansiering. Dersom publikasjonen er ein del av eit forskingsprosjekt skal utgifter til publisering i hovudsak støttast av prosjektet.
- Det blir ikkje gjeve støtte til andre utgifter ved publisering, som til dømes fargetrykk, språkvask, illustrasjonar, stort omfang og liknande.
- Det blir ikkje gjeve støtte til publisering i hybrid-tidsskrift.

## Føresetnadar for finansiell støtte

- Det skal som hovudregel søkast om støtte før kostnadsdrivande avtaler blir inngått med utgjevar.
- Publiseringkanalen (tidsskrift eller forlag) må vera godkjent på nivå 1 eller 2 i NSD sitt kanalregister <https://dbh.nsd.uib.no/publiseringkanaler/Forside>
- Tidsskrift må vera registrert i Directory of Open Access Journals (DOAJ) <https://doaj.org/>
- Publikasjonar som får støtte skal, viss mogleg, gjørast tilgjengelig med en Creative Commons (CC) lisens. <https://creativecommons.org/share-your-work/licensingtypes-examples/>
- Artiklar som får støtte skal registrerast i Cristin og lastas opp i fulltekst for overføring til HVL Open seinast ved publiseringstidspunktet.

I velgrunna enkeltilfelle kan det bli innvilga støtte sjølv om ikkje alle krav er fylt.

Retningslinjene kan bli endra utan varsel, men endringane vil ikkje påverka søknadar som har blitt innvilga.